

VELKOMNE !

## Har du lyst til å spele kyrkjeorgel?

Meld deg på til Anne Karin Stormyr, kontor i Jondal sokn, via epost: [as476@kyrkja.no](mailto:as476@kyrkja.no) innan fredag 1.mai 2026

I Ullensvang kommune har vi kyrkjeorgel i alle kyrkjene våre, og vi ønskjer at born og unge skal få høve til å spele på desse instrumenta. Vi etablerer ein liten orgelklubb der born og unge får høve til å lære seg å spele hjå lokale kyrkjemusikarar og også får høve til å bli kjende med dei andre som spelar. Og dei vil også få besøke andre stader og stundom få prøve å spele på andre orgel. Kwart orgel har sitt særpreg og sin klang, og kvart kyrkjerom likeså. Kyrkjeverja vår har gjeve løyve til kontor i Jondal om å finne rom til inntil 3 orgelelevar i stillinga si frå hausten 2026. Undervisinga vil skje i Jondal kyrkje. Undervising for born og unge vil ha same tidsrammer og same kostnad som i kulturskulen, og faktura vil verte sendt ut frå Ullensvang kyrkjelege fellelsråd.

Dei som byrjer i orgelklubben, kan gjerne ha litt bakgrunn frå piano frå før, men det går også an å vere heilt ny på tangentar. Alle kan søkje om plass, og born og unge får førsteprioritet. Orgelundervisinga følgjer skuleåret og gjeld haust+vår. Kulturskulerammene for kostnad og tid gjeld for born og unge. Også vaksne kan søkje, og er det plass, gjer dei vaksne eigne avtalar med Ukf jamfør tidsramme og kostnad.

---

## Har du lyst til å synge i barne- eller ungdomskor i Jondal?

Meld deg på til Anne Karin Stormyr, kontor i Jondal sokn, via epost: [as476@kyrkja.no](mailto:as476@kyrkja.no) innan fredag 1.mai 2026

Dei som alt er med i ei av korgruppene, er påmelde og treng ikkje føreta seg noko no.

Barnekoret **Solstråla kl.2-4** øver på kulturskulen tysdagar kl.12.45-13.45  
Aspirantar i **Solstråla kl.1** øver saman med dei store første halvtimen av øvinga, kl.12.45-13.15 gjerne i kombi med SFO etterpå eller anna ordning?

Barnekoret **Solstråla kl.5-7** øver nokre tysdagar saman med 2-4.kl, og får nokre eigne øvingar i kyrkja torsdagar eller fredagar rett etter skuletid.

**Jondal Ungdomskor, kl.8-10**, øver i Jondal kyrkje torsdagar rett etter skuletid når det ikkje er konfirmantundervising, og kanskje har dei også samlingar på andre tidspunkt etter nærare avtale. Vi snekrar semesterlista saman når haustsemesteret startar.

---

*Korkontingentane er veldig rimelege, fordi vi gjerne ønskjer at born- og unge skal kunne ha høve til å vere med og synge i tillegg til at dei er med på andre aktivitetar generelt eller på andre fag i kulturskulen. Meir info om kontingent, kontaktinfo med meir er å finne på [www.jondalkyrkje.no](http://www.jondalkyrkje.no)*

Korarbeidet i Solstråla og Jondal Ungdomskor vert drive av Jondal sokn med kontor som dirigent. Og sidan kantorstillinga er deltidsstilling og ikkje har rom for heile aktiviteten til korarbeidet, kjøper Solstråla delar av dirigenttenesta si hjå kulturskulen.

Korarbeidet følgjer skuleåret og gjeld haustsemester+ vårsemester. Om nokon ønskjer å byrje til hausten, melder ein seg på innan 1.mai. Koret er eit lag, og om ein får byrje før sommaren, er det ein føresetnad at ein også vert med vidare neste skuleår. Om nokon vel å slutte, melder dei seg ut innan 1.april, men er sjølvsgatt aktivt med heilt fram til sommaren.

[www.jondalkyrkje.no](http://www.jondalkyrkje.no)